



Finansiell rådgjevar og leiar for kvinnheradsatsinga, Siren Simonnes, er godt nøgd med det gode kundetalet frå Uskedalen.

Tysnes Sparebank er ein bank i vekst. Etter tre års drift i Kvinnherad kan banken syna til gode resultat. Sparebanken frå Tysnes har fått eit sterkt fotfeste i Kvinnherad og i Uskedalen. Berre i 2017 fekk banken 50 nye kundar med adresse Uskedalen, noko banksjef Dag Sandstå og finansiell rådgjevar, Siren Simonnes, er godt nøgd med. Siren Simonnes er leiar for banken si satsing i Kvinnherd.

Banken har ikkje høve til å gje opp det totale bankkundetalet frå Uskedalen, men 50 nye bankkunder berre på eit år, er eit strålende resultat.

I ei pressemelding frå Tysnes Sparebank vert det lagt vekt på den gode starten på 2018 med eit resultat på 2,1 mill. kr betre enn på same tid i 2017. Banken passerte 3 milliardar kr. i forretningskapital i løpet av fyrste kvartal.

Tysnes Sparebank ser optimistisk på framtida i Sunnhordland og i Hardanger. Det er gledeleg å sjå at dei gode åra langt på veg er tilbake i næringslivet. Banken merkar stor pågang frå nye kundar både frå private kundar og

frå verksmeder. Banken er ein lokal bank og det er i lokalsamfunnet verdiane vert skapte.

Tysnes Sparebank er ein sjølvstendig bank med tradisjon tilbake 1863. Banken har hovudkontor på Våge på Tysnes. I tillegg finn vi filialar på Husnes, i Rosendal, Bergen, Odda og på Stord.

Uskedalen.no er godt nøgd med at Tysnes Sparebank er sponsor og har fast annonseplass på nettsida. Slik støtte er eit grunnlag for vidare drift av Uskedalen.no.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal